



MIDSUND KOMMUNE

VEDTEKTER

OG
SØKNADSKJEMA

FOR

NÆRINGSFONDET

Søknad om tilskot skal sendast til:

Midsund kommune
Servicekontoret
6475 Midsund

Tips for søknaden til næringsfondet:

Før søknaden vert skriven:

- ✓ Les nøye gjennom vedtektene til næringsfondet
- ✓ Sørg for å ha godt nok grunnlagsmateriale til utforming av søknaden
- ✓ Kontakt servicekontoret eller Hoppid-kontoret i kommunen på førehand, dersom det er noko du er usikker på i samband med skriving av søknaden

Dette skal være vedlagt søknaden:

- ✓ Aktuelle kostnadsoverslag, spesifisert
- ✓ Finansieringsplan

Sjå elles § 1 i vedtektene

Ved nyetableringar:

- ✓ Bør forretningsideen vere godt beskriven
- ✓ Bør konkurransemessige tilhøve vere vurdert
- ✓ Bør ein ha ei formeining om aktivitetsnivået, dvs kor mange årsverk og inntening som kjem ut av etableringa
- ✓ Bør ein aktivt bruke kommunen sitt søknadsskjema ved søknad, supplert med aktuelle vedlegg.

Vedtekter for det kommunale næringsfondet i Midsund kommune

Vedtektene er utarbeidde på grunnlag av retningslinjer gjeve av M&R fylkeskommune i samband med tildeling av midlar til kommunale næringsfond, jr Nærings- og miljøutvalet sak 22/03.

§ 1 – Forvaltning av fondet

Næringsfondet i Midsund kommune er finansiert ved løyvingar frå stat/ Møre og Romsdal Fylke. Tiltaksnemnda i kommunen skal fungere som styre for fondet.

§ 2 – Søknad

Søknader om stønad frå fondet skal vere skriftlege, og så langt det er praktisk mogeleg på eige søknadsskjema. Søknadsskjemaet er tilgjengeleg på Servicekontoret i kommunehuset, eller kan lastast ned frå kommunen si heimeside.

Søknader skal innehalde rekneskap, budsjett, aktuelle kostnadsoverslag, finansieringsplan, beskriving av forretningsplan og ei vurdering av marknaden. Krava til søknad er tilpassa det einsskilde prosjekt.

Alle søknader om stønad skal avgjerast av styret for fondet etter tilråding frå administrasjonen. Tilrådinga skal skje utifrå ei kvalitetsmessig vurdering av det einsskilde prosjektet.

Ved handsaming av kompliserte saker/ søknader vil administrasjonen bruke Hoppid-kontoret, fylkeskommunen, Innovasjon Noreg og andre faginstansar til rettleiing.

Det kan søkjast til fondet heile året, men tildelingane det einsskilde år kan ikkje gå ut over den totale årlege ramme.

§ 3 – Støndsformål

Næringsfondet kan nyttast til både bedriftsretta tiltak og til generelle tilretteleggande tiltak for utvikling av kommunen, i regi av kommunen eller andre organisasjonar. Prosjekt som betrar sysselsettingstilhøva for kvinner, ungdom og innvandrarak skal prioriterast. Det same prosjekt som fører til interregional utvikling, betra miljøvern og utvikling av reiselivet.

Prioriteringar gitt gjennom kommunen si kommune-/næringsplan skal gjenspeile tildelingar frå fondet. Det same føringar gitt i Møre og Romsdal fylke "Handlingsprogram Verdiskaping, handlingsplan 2009-2012"

Bedriftsretta tiltak og generelle tilretteleggande tiltak kan vere(lista er ikkje uttømmande):

Kommunalt tiltaksarbeid:

Næringsplanlegging, etablerarprosjekt, samarbeid skule/næringsliv, tettstadsutviklingsprosjekt, ulike utgreiingar, analyser og marknadsføring av Midsund kommune som busettings- og etableringsstad.

Investerings i mindre bedrifter

Utstyr og maskiner ved oppstart og utviding av mindre bedrifter.

Bedriftsutvikling

Opplærings- og produktutvikling, marknadsundersøkingar og marknadstiltak, marknadsføring og planlegging.

Etableringstilskot

Det kan løyvas eit spesielt tilskot i samband med etablering av næringsverksemd i leigde lokalar, i samband med dei utgiftene etablerar har på husleige 1. Driftsåret. Tilskotet skal ikkje overstige kr 40.000.- Tilskotet kan utbetalast når verksemda er etablert/registrert i Brønnøysund-registeret og underteikna leigekontrakt ligg føre.

§ 4 - Avgrensingar/ krav til stønad:

Det kan ikkje løyvas midlar til ordinær drift, inkludert finansiering av kommunen sine ordinære oppgåver i næringsutviklingsarbeidet.

Det kan ikkje gjevast stønad til fysiske infrastrukturtiltak i kommunen.

Ein kan som hovudregel ikkje gje stønad til firma, nystarta eller eksisterande, som vidarefører aktiviteten til verksemdar som nyleg har gått konkurs, nyleg vart lagt ned eller seld.

I saker der tilskot til investering vert gitt, kan kommunen krevje tilskotet tilbakebetalt dersom investeringsobjektet vert seld innan 3 år.

Ein kan ikkje gje stønad til gjeldssanering.

Søkjarar som får tilsegn om stønad med krav om dokumentasjon på utgifter, må legge dette fram for rådmannen før utbetaling kan skje. Dokumentasjon må leggjast fram innan 1 år etter at tilsegn er gitt, med mogleg forlenging etter særskilt søknad. Er det tvil om dokumentasjonen skal denne stadfestast av rekneskapskontor eller revisor der dette er påkravd.

§ 5 – Stønadsformer

Stønad kan gjevast som tilskot. Midlane kan ikkje nyttast til garantiar.

§ 6 – Stønadsvilkår

Samla bedriftsretta stønad frå næringsfondet skal som hovudregel ikkje være større enn 50% av kapitalbehovet til prosjektet. Om midlar frå næringsfondet kjem i tillegg til tilskot frå distriktpolitiske virkemiddel som vert forvalta av fylkeskommunen, Innovasjon Noreg eller KAD, skal samla stønad likevel ikkje kunne overstige desse grensene.

Tiltaksprosjekt kan likevel bli fullfinansiert med 100%.

§ 7 – Kommuneplan/Næringsplan

I kommuneplanen sin samfunnsdel skal det for Midsund kommune være mål, strategiar og tiltak for kommunen sitt arbeid innan næringsutvikling. Tildelingar frå fondet skal gjenspeile målsettingar for kommuneplanen, og tildelingane skal evaluerast årleg av tiltaksnemnda i samband med årsmelding for næringsfondet.

§ 8 – Årsmelding og rekneskap

Kommunen skal kvart år utarbeide ei årsmelding om bruken av næringsfondet. Årsmeldinga skal innehalde rekneskap, prosjektoversikt og vurdering for bruk av fondet. Meldinga skal virke førande på forslag til rullering av næringsarbeidet i kommuneplan, endringar i prioriteringar i bruk av fondet og retningslinene.

Årsmelding skal handsamast av kommunestyret. Egen prosjektrapportering for bruk av fondet blir sendt fylket/ KAD.

*Vedtekter handsama av Midsund kommunestyre 20.mai 2009, sak 09/ 34.
Gjelder frå 1.juni 2009.*



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2009/221-2

Arkiv:

Saksbeh: AHPO

Dato: 08.05.2009

S Ø K N A D S K J E M A

M I D S U N D N Æ R I N G S F O N D

Godkjent sak 09/mai 1009

Informasjon om søker

Firmanavn	Gataadresse	Postadresse
Bedriftsetablering år?	Telefon/ mobil	e-mail
Org.nr/ foretaksnr	Bankkontonr	Dagleg leiar
Foretaksform: <input type="checkbox"/> ANS <input type="checkbox"/> AS <input type="checkbox"/> Kommunal/ interkommunal verksemd <input type="checkbox"/> Samyrkelag <input type="checkbox"/> Næringsfellesskap	Driv verksemd innan: <input type="checkbox"/> Reiseliv/ turisme <input type="checkbox"/> Industri <input type="checkbox"/> Tenesteyting/ service <input type="checkbox"/> Fiskeindustri/ biomarin <input type="checkbox"/> Landbruk	<input type="checkbox"/> Utdanning/ forskning/ utvikling <input type="checkbox"/> Bygg og anlegg <input type="checkbox"/> Helse/ omsorg <input type="checkbox"/> Petroleum <input type="checkbox"/> Anna

Søknad gjeld tilskot til:

- Bedriftsretta tiltak
 Generelle tilretteleggjande tiltak i regi av kommune eller organisasjon

Informasjon om tiltaket

Type tiltak <input type="checkbox"/> 01 Utvikling av innovasjonssystem og næringsretta tiltak <input type="checkbox"/> 02 Vidareutvikle etablerte bedrifter, økonomisk bedriftsstøtte og næringsretta kompetansehevingstiltak. <input type="checkbox"/> 03 Entreprenørskap. Økonomisk bedriftsstøtte og andre entreprenørskapstiltak som auke omfanget av lønsame etableringar. <input type="checkbox"/> 04 Utvikling av utdanningstilbod for befolkning og samfunnsliv. <input type="checkbox"/> 05 Infrastruktur. Utvikling av infrastruktur og kommunale næringsareal. <input type="checkbox"/> 06 Tenester. Utviklingstiltak for å betre det daglege lokale tenestetilbod til befolkninga. <input type="checkbox"/> 07 Stadsutvikling og profilering. Fysiske opprustingstiltak og tilhøyrande utviklingsprosjekt, samt marknadsføring og opplevingstilbod. <input type="checkbox"/> 08 Andre tiltak, som	Kjenner du til følgjande planverk? <input type="checkbox"/> Fylkesplan for Møre og Romsdal <input type="checkbox"/> Verdiskapingsprogrammet for Møre og Romsdal fylke <input type="checkbox"/> Kommuneplan for Midsund kommune Er ditt tiltak i tråd med satsingsområda i desse planane? <input type="checkbox"/> Ja, kva <input type="checkbox"/> Nei Er det eit enkeltståande tiltak, eller et tiltak sett i samanheng med andre tiltak kommande 5 år? <input type="checkbox"/> Ja, kva <input type="checkbox"/> Nei	Tiltaket fremje; Interregional utvikling? <input type="checkbox"/> Ja På kva måte Sysselsetting av kvinner <input type="checkbox"/> Ja På kva måte Sysselsetting ungdom > 25 år <input type="checkbox"/> Ja På kva måte Sysselsetting innvandraran <input type="checkbox"/> Ja På kva måte Miljøvern <input type="checkbox"/> Ja På kva måte Reiseliv <input type="checkbox"/> Ja På kva måte
--	--	--

<i>Kva skal gjerast?</i>		
<i>Berekna totalkostnad?</i>	<i>Kva for kommunar i regionen vil tiltaket få følgjer for?</i>	<i>Andre søknadar om støtte til same tiltak?</i>
<i>Søknadsbeløp?</i>	<input type="checkbox"/> Midsund <input type="checkbox"/> Andre som: <input type="checkbox"/> Aukra <input type="checkbox"/> Sandøy <input type="checkbox"/> Molde <input type="checkbox"/> Fræna <input type="checkbox"/> Eide <input type="checkbox"/> Haram <input type="checkbox"/> Vestnes	<input type="checkbox"/> Innovasjon Noreg kr <input type="checkbox"/> Bygdemobilisering kr <input type="checkbox"/> Landbruksmidlar kr <input type="checkbox"/> Anna, <input type="checkbox"/> Anna, <input type="checkbox"/> Anna, <input type="checkbox"/> Anna, <input type="checkbox"/> Anna,
<i>Prosjektets støttegrunnlag (jf retn.liner)?</i>		
<i>Kven er dine lokale konkurrentar innan same næring?</i>		
<i>Kan omsøkt støtte vere konkurransevridande ?</i>		
<input type="checkbox"/> ja, for kven?		
<input type="checkbox"/> nei, fordi		
<u>Finansieringsplan</u>		
<i>Tiltak/ tekst</i>	<i>Inntekter</i>	<i>Utgifter</i>
(sett inn så mange liner du har behov for)		
<i>Sum kapitalbehov</i>		
<i>Andre relevante opplysningar:</i>		
<i>Framdriftsplan</i>		
<i>Vekenr/ dato</i>	<i>Aktivitet</i>	
(Sett inn så mange linjer som du har behov for)		
<i>Andre relevante opplysningar:</i>		

Vedlagt dokumentasjon (behandlast fortruleg i samsvar med Fvl og Offtl):

- Forretningsplan
- Pristilbod/ priskalkyle
- Teikningar/ prosjektdokumentasjon

Erklæring:

Eg stadfestar å ha lese retningslinene til Midsund Næringsfond, og aksepterar å underlegge meg dei vilkår som går fram av desse og av søknadsskjema.

.....
Dato/ stad

.....
Søkjar